

# ÅRSMELDING 2015

NORSK INSTITUTT FOR BUNAD OG FOLKEDRAKT

## INNHOLD

INNHOLD .....	1
INNLEIING.....	2
FORMALIA .....	2
ADMINISTRASJON OG PLANARBEID .....	3
MÅL, UTFORDRINGER OG SATSINGSOMRÅDE .....	5
FORVALTNING OG DOKUMENTASJON .....	5
<b>Arkiv og samlingar ved NBF.....</b>	<b>6</b>
<i>Feltarbeid – Nasjonal kartlegging av eldre draktskikk i Noreg.....</i>	7
<i>Mønsterarkiv .....</i>	9
<i>Stoffarkiv .....</i>	9
<i>Modellbunader og draktsamlinga .....</i>	9
<i>Biblioteket .....</i>	9
<b>Digitalisering og sikring .....</b>	<b>10</b>
<i>Sikringsplan .....</i>	10
<b>Digitalt museum.....</b>	<b>10</b>
<b>FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING .....</b>	<b>11</b>
<b>Fagleg fordjuping .....</b>	<i>Feil! Bokmerke er ikke definert.</i>
<b>Stoffnemningar .....</b>	<b>15</b>
<b>Rekonstruksjon .....</b>	<b>11</b>
<i>Østfold, mannsbunad frå fyrste del av 1800-talet.....</i>	12
<i>Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet.....</i>	12
<i>Sunnmøre, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet.....</i>	12
<i>Sør-Valdres, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet.....</i>	12
<i>Fusa, kvinnebunad frå siste del av 1800-talet .....</i>	12
<i>Rekonstruksjon, brosjert silkedamask .....</i>	<i>Feil! Bokmerke er ikke definert.</i>
<i>Rekonstruksjon, ullkvalitetar .....</i>	13
<b>Nomenklatur.....</b>	<b>14</b>
<b>FORMIDLING, UNDREVISING OG RÅDGJEVING.....</b>	<b>18</b>
<b>Rådgjeving .....</b>	<b>18</b>
<b>Drakt og samfunn .....</b>	<b>18</b>
<b>Bunadopplæringa .....</b>	<b>19</b>
<b>Utstilling .....</b>	<b>19</b>
<b>Media.....</b>	<b>20</b>
<i>Nettsider og sosiale media .....</i>	20
<b>Omvisinger .....</b>	<b>21</b>
<b>Deltaking og møte.....</b>	<b>21</b>
<b>FORNYING OG NETTVERKSBYGGING.....</b>	<b>22</b>
<i>Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil .....</i>	23
<i>Fagdagane 2015 - Bunadsproduksjon .....</i>	23
<b>Immateriell kulturarv .....</b>	<b>24</b>
<b>Bunad og næring .....</b>	<b>23</b>
<b>Nordisk draktseminar 2015 .....</b>	<b>24</b>
<b>BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET .....</b>	<b>26</b>

## INNLEIING

Det vart gjennom vinteren 2014-15 utarbeidd og vedteke ein langtidsplan for 2015 – 2018 både for Valdresmusea og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Langtidsplanen definerer sentrale mål, utfordringar og strategiar for instituttet. Instituttet sitt faglege utgangspunkt og fremste formål handlar om kunnskap og rådgjeving, og det er difor naturleg at ei styrking av instituttet ligg nett her. Samlingsforvalting og forsking er satsingsområde dei neste tre åra, saman med eit auka fokus på bevaring av immateriell kulturarv. Norsk institutt for bunad og folkedrakt skal realisere sitt mål om å vere ein kunnskapsinstitusjon ved å la instituttet sine tre hovudoppgåver, forvalting, forsking og formidling, fungere saman i ein heilskapleg modell.

**Årsmeldinga vil vise at NBF starta dette arbeidet allereie i 2015, med desse hovudpunkta:**

- Feltarbeid
- Ny-organisering av arkiva
- Fagdagane 2015
- Nordisk draktseminar
- UNESCO's instruktørkurs
- Nye forskingsfelt

## FORMALIA

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forsking og formidling av folkedrakt og bunad.

I 1947 vart Statens bunadsnemnd oppretta under Heimeyrkekontoret i Landbruksdepartementet. Frå 1955 vart namnet endra til Landsnemnda for bunadspørsmål og organisert under *Kontoret for kunst og kultur*. I 1967 vart nemnda omorganisert, og fekk eige sekretariat og nye statutar. I 1986 vart namnet omgjort til Bunad- og folkedraktrådet, og same år vart sekretariatet flytta frå Oslo til Fagernes.

Frå 2008 vart all drift av Bunad- og folkedraktrådet organisert under Valdresmusea as, regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet (KUD) og Valdresmusea (VM). Arbeidet er organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtekten for Valdresmusea er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein følgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet behold namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR).

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Vi har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. Verksemda har valt å halde fram med same rutinar ang post og arkivering som tidlegare.

Avtalen frå 2008 mellom Valdresmusea og Kulturdepartementet seier mellom anna at NBF skal arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og tilverking av dei norske bunadene, som eit uttrykk

for kulturell identitet og som berar av særeigne kvalitetar. NBF skal dessutan dokumentere og fremje kunnskap om eldre folkeleg draktskikk, som grunnlag for dagens bunader.

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber føljande delmål for institusjonen:

- Sørgje for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gje råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som utgangspunkt for norsk bunadtilverking.
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Staten ved NBF har i over 60 år arbeidd med å dokumentere bunad og folkedraktmaterialet i Noreg. Den nasjonale kartlegginga av norsk draktskikk er i global samanheng eit eineståande arbeid og gir eit unikt materiale for forsking



Figur 1-3: Demonstrasjon av påkledning av svensk folkeleg mote, ved Kerstin Wölling, under Nordisk draktseminar i august 2015.

# ADMINISTRASJON OG PLANARBEID

## ADMINISTRASJON

Ole Aastad Bråten, direktør Valdresmusea as. (konstituert frå 01.01.15-30.09.15)

Stian Johan Roland, instituttleiar for NBF (fram til 31.10.15)

Bodil Enger, kontorfullmektig NBF (frå 01.05.15 ein del administrative leiaroppgåvane)

Camilla Rossing, Konservator NBF (frå 01.05.15 arbeid med plan og rapportering)

Tove Stubbene, økonomi og personalleiar Valdresmusea as.

NBF nyttar museet sine vaktmeistrar, reinhaldarar og handverkarar etter behov

## ØKONOMI

Økonomisk ramme for 2015 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr 3 998 000, kr 577 000 i eigne inntekter og 176 000 i prosjektilskot. Den totale ramma i 2015 var slik **kr 4 751 000**.

Økonomi- og personalleiar fører no rekneskapen for Valdresmusea. NBF har 20% av denne stillinga. NBF har eige budsjett der instituttleiar har budsjettansvar og syter for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. for registrering og betaling. Direktøren ved VM attesterer for instituttleiaren sine reiserekningar. I rekneskapen er ein del postar spesifikke, medan ein del er prosentvis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea. NBF har i 2015 hatt dei største kostnadane sine til KLP, felterbeid og datatenester levert av KulturIT.

Personalkostnadane utgjer 70 % av totalbudsjettet. Auke frå tidlegare år kjem i hovudsak av at kostnadene knytt til føring av rekneskapen no går over personalbudsjettet. Alle dei fagtilsette i staben har vore på jobb gjennom året utan permisjonar.

I budsjettet for kvart år ligg det ein sum til innkjøp av modellbunader til samlingane. Dei siste åra har ikkje innkjøpa vore så store, slik at ein del av summen har blitt ført i reskontroen. I 2015 hadde difor NBF moglegheit til å kjøpe inn utstillinga «Gull i veggane» frå Torhild A. Fossnes. Kleda og utstillingsmateriale kom totalt på kr 249 500.

## Fagtilsette ved NBF

<b>Stian Roland</b>	Instituttleiar 100 % (fram til 31.10.15)	Administrasjon og fagansvarleg
<b>Tordis Gjevre</b>	Førstekonsulent 50 % (fram til 30.04.15)	Rådgjeving og arkiv
<b>Camilla Rossing</b>	Amanuensis 100%	Forsking og formidling
<b>Solfrid Trydal</b>	Amanuensis 100%	Arkiv- og samlingsansvarleg
<b>Kristin Gulbrandsen</b>	Fagkonsulent 100 %	Rekonstruksjon
<b>Bodil Enger</b>	Fagkonsulent / Kontorfullmektig 80 %	Rådgjeving og kontorarbeid

## Ekstrahjelp

**Randi Flatin** har arbeidd 50 % som arkivmedarbeidar, finansiert med 50% lønnstilskot frå NAV.

**Torgeir Bolstad** har arbeida som fotograf på timebasis, om lag ei 10 % stilling.

**Mona Løkting** var med på felterbeid i Heidal, Gudbrandsdalen i veke 39.

## Samarbeid med frivillige:

**Maria Lund** (pensjonist) ein halv dag kvar veke arbeidd med skanning av fotoarkivet.

**Margunn Søyland Nesbakken** (pensjonert bibliotekar) har arbeidd om lag 3 halve dagar i veka.

## MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE

Det vart i 2014 utarbeida og vedteke ein ny langtidplan (2015-2018) for NBF, der samlingsforvalting, forsking og nettverksarbeid er prioriterte satsingsområder.

### Samlingsforvalting

NBF har behov for å bevare og oppbevare arkiva og samlingane på ein meir forsvarleg måte. NBF ynskjer vidare å gjere arkiva og biblioteket meir tilgjengeleg for publikum. Det vart difor utarbeidd planer i 2015 for ei mindre ombygging av arkiv og bibliotek, som er planlagt utført vinteren 2016. Denne ombygginga vil betre oppbevaringsforhold for arkiva og samlingane, samt ei meir hensiktsmessig organisering av kontor og bruksrom. Hausten 2015 vart det søkt om midlar til dette hjå Kulturdepartementet, som vart tilgodesett med ein million kroner.

Denne satsinga er òg speila i arbeidet som nav i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, der ein i 2015 sette ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein ny, felles nomenklatur for registrering i PRIMUS på heile drakt- og tekstilstfeltet blant norske musem. Arbeidsgruppa har sitt fyrste møte i 2016.

### Forsking

Auka fokus på forsking er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og legge grunnlaget for nye utstillingar, foredrag og vitskaplege artiklar. I løpet av 2015 vart det difor sett i gong fleire nye forskingsprosjekt, først og fremst i samband med at instituttet arrangerte Nordisk draktseminar i august. Der bidrog instituttet med to foredrag og ei ny utstilling i anledning seminaret.

Instituttet vart i 2015 dessutan med i Valdresmusea sitt prosjekt Manifest, der vi undersøkjer kvifor ein i Sverige og Noreg har så ulike syn på den folkelege tradisjonskulturen.

### Nettverk og fornying

Norsk institutt for bunad og folkedrakt ynskjer å prioritere nettverksarbeidet og kommunikasjon , for lik å nå nye brukargrupper og skapa merksemrd for fagarbeidet ved instituttet. Norsk institutt for bunad og folkedrakt vil i 2016 styrke arbeidet med synlegheit, mellom anna ved å legge til rette for ei breiare offentleg samtale om fagfeltet. Fagdagane i august 2015 var eit skritt i denne retninga, med debatt og fokus på bærekraft i bunadnæringa.

### Personal- og lønspolitikk

I samarbeid med Valdresmusea skal personal- og lønspolitikk få høg prioritet dei neste åra. Lønnsnivået blant dei tilsette er til dels lågt, og er særleg eit hinder for å tiltrekke høgare kompetanse til instituttet. Ein gjennomgang av stillingskoder og stillingstitlar i 2015 var difor naudsynt, noko som bidreg med å skape føreseielege og trygge rammer for dei tilsette. Dette arbeidet vil halde fram i 2016.

## FORVALTNING OG DOKUMENTASJON

### Arkiv og samlingar ved NBF

NBF har eit stort arkiv av registrerte draktplagg frå heile landet. Størstedelen av desse plagga er i privat eige, og ein mindre del i museumseige. Draktforsking har i internasjonal samanheng stort sett vore basert på museumstilfang, så eit slikt arkiv er unikt. Folkedraktmaterialet står sentralt i dokumentasjonsarbeidet, men det er også viktig for oss å dokumentere bunadshistoria.



Figur 4: Eit snøreliv frå Sunnmøre

NBF forvaltar eit omfattande mønsterarkiv som inneholder både originalmønster, graderte mønster, skisser, vev- og broderimønster og saumforklaringar frå heile landet.

NBF har ei stor draktsamling med nysydd modellbunader frå ulike rekonstruksjonsprosjekt. Det er ei målsetjing at NBF skal ha modellbunadar frå samlede rekonstruksjonar som er utført i samarbeid med instituttet. NBF har også ei samling av gamle draktplagg, sko, draktmetall og så vidare til bruk i undervising og det faglege arbeidet elles.

NBF skal til ei kvar tid ha eit oppdatert stoffarkiv til bruk i rådgjevingsarbeidet vårt, samt som ein dokumentasjon på utviklinga i norsk tekstilindustri.

NBF har ei biblioteksamling som til ei kvar tid skal innehalde det meste av relevant draktfagleg litteratur. Biblioteket skal vera tilrettelagt som eit studiebibliotek for brukarar/studentar, og er elles eit viktig verktøy i det faglege arbeidet ved NBF. Biblioteksamlinga er no registrert i programmet BiblioFil gjennom eit samarbeid med Nord-Aurdal folkebibliotek. Arbeidet har gått føre seg i fleire år og vert gjort på frivillig basis. Ein fekk i 2015 ein eigen brukar i BiblioFil for NBF.

NBF har i 2015 motteke to store gaver. Den første gava er ei stor boksamling, denne var ei testamentarisk gjeve av Aagot Noss, og omfattar alle hennar fagbøkar på draktfeltet. Samlinga

er på om lag 1500 bøker/ småskrift. Innlegging i bibliofil-programmet vart påbyrja i 2015 og vil bli slutført i 2016. På grunn av den store gåva har biblioteket blitt utvida med tilsvarende nye bokhyller.

Frå Tove de Lange har NBF motteke eit sybord for metallbroderi, samt sytråd, metalltråd, perler og anna saumutstyr for denne type broderi. Bakgrunn for gåva er Tove de Lange og NBF sitt ynskje å dokumentere den siste broderi –og possementmakaren som virka her i landet. Gjevaren har sagt seg villig til å bidra i eit dokumentasjonsprosjekt med oppstart i 2016.

#### Oversyn arkiv og samlingar ved NBF

- Primus: Databasesystem for registrering av gjenstandar og foto
- Kortarkiv: Registreringskort frå feltarbeid fram til 2008
- Fotoarkiv: Filmnegativar, lysbiletearkiv, og digitalt fotoarkiv
- Kjeldearkiv: Skiftemateriale, ymse publisert og upublisert kjeldemateriale om eldre draktskikk/ bunadshistorie
- Stoffarkiv: Stoffprøver frå inn- og utland
- Mønsterarkiv: Avteikna mønster og saumforklaringar av folkedraktplagg og bunader frå ulike delar av landet
- Bibliotek: Faglitteratur som omhandlar bunad, folkedrakt, motehistorie, generell kulturhistorie, tekstilhandverk, sko, draktmetall osb
- Modellbunader: Nysydde kopiar av folkedraktmateriale, samt eldre folkedraktplagg til bruk i formidlingsarbeidet ved instituttet og som dokumentasjon på eldre draktskikk
- Korrespondansearkiv: Korrespondanse på faglege spørsmål og kontakt med fagmiljøet frå versemada var oppretta
- Rekonstruksjonsarkiv: Bearbeida og systematisert empirisk materiale, samt analyser og tolkingar i samband med rekonstruksjonsprosjekta
- Mediearkiv: Omtale av bunad og folkedrakt i media
- Studentoppgåver (197 stk pr. 31.12.15)
- Diverse innkomne private arkiv

#### **Feltarbeid – Nasjonal kartlegging av eldre draktskikk i Noreg**

I samband med den nasjonale kartlegginga av eldre draktskikk i Noreg har NBF i 2015 gjennomført seks feltarbeid. Det gode samarbeidet med lag eller institusjonar i lokalmiljøet er avgjerande for at feltarbeida blir vellukka.



Figur 5: Med båt på feltarbeid langs Helgelandskysten, mars 2015.

## Gjennomførte feltarbeid i 2015:

- |                                     |  |
|-------------------------------------|--|
| • Nordland                          | Irene Adolfsen, Nordland fylkeshusflidslag |
| • Samlinga etter Ingrid D. Adelssøn | Ulla Røysland                              |
| • Troms                             | Lillian Magnussen                          |
| • Sør-Østerdalen, Stor-Elvdal       | Odd Sæming Negård                          |
| • Vest-Telemark, Tokke              | Vest-Telemark museum v/ Halvor Nordal      |
| • Gudbrandsdalen, Heidal og Vågå    | Edda Ane Stubbrud                          |

Ein del plagg har også kome inn og vorte registrert ved kontoret på Fagernes, mellom anna vart det lånt inn ei stor privat sylvsamling. Om lag halvparten av denne er fotografert og registrert.

Registreringane er ført i registreringsprogrammet Primus. Totalt utgjer dette 1950 registreringar. Feltarbeid i 2015 tilsvasar om lag 90 dagsverk + etterarbeid.

• Nordland	23.-26. mars	278 reg.
• Samlinga etter Ingrid D. Adelssøn	13.-14. april	77 reg.
• Troms	18.-21. mai	137 reg.
• Sør-Østerdalen, Stor-Elvdal	01.-05. juni	203 reg.
• Vest-Telemark, Tokke	31. aug.-04. sept	336 reg.
• Gudbrandsdalen, Heidal og Vågå	21.-24. sept	325 reg.
• Gudbrandsdalen, Heidal	09. okt.	39 reg.
• Registrert på kontoret		555 reg.

**Total tilvekst pr. 31.12.2015**

**1950 reg.**

**Totalt registrerte plagg ved NBF pr. 31.12.2015 i Primus**

**760272 reg.**



## Registrering, foto

- Det vart teke 3355 fotografi i 2015.
- Totalt har NBF 296 902 dokumentasjonsfoto i samlinga si.

Det er kjøpt inn ein fotovegg for fotografering av gjenstandar på kontoret, samt eit nytt kamerahus. Gode foto av gjenstandar som vert registrerte er viktig for vidare arbeid med samlingane våre.

### Mønsterarkiv

I 2015 vart det teikna mønster av fleire draktplagg under feltarbeid, men desse er berre delvis ferdigstilte. Mønsterarkivet inneheld totalt 1068 mønster.

Tilveksten i mønsterarkivet i 2015 er på 16 mønster:

Nord-Østerdalen      Trøye (k)

Sør-Østerdalen      Lue (k)  
                          Kjole  
                          Trøye (k)  
                          Trøye (k)  
                          Liv  
                          Vest

Valdres      Vest  
                          Vest

Hallingdal      Trøye (k)

Vest-Telemark      Liv  
                          Liv  
                          Liv

Vest-Agder      Liv  
                          Lue, dåpslue

Hordaland      Valk

### Stoffarkiv

Etter at det i 2014 vart gjennomført ei stor opprydding i stoffarkivet har det i 2015 blitt arbeida vidare med arkivering av tidlegare innkomne stoffprøver. I tillegg har nye prøver blitt bestilt opp, og ein del av desse er arkivert. Arbeidet vil fortsetja i 2016.

### Modellbunader og draktsamlinga

Pr. 31.12.15 har NBF 64 modellbunader, 8 folkedrakter og ein god del enkeltplagg. Totalt tal på plaggdelar i draktsamlinga er no 977 enkeltplagg. Av desse er tilveksten i 2015 på 61 plaggdelar.

NBF kjøpte i 2015 inn utstillinga «Gull i veggane» av Torhild Ankersdatter Fossnes. Utstillinga består av 10 komplette drakter, mange enkeltplagg og kjeldemateriale, samt utstillingsmateriale. Samlinga vil inngå i NBF si modellbunadsamling og bli nytta til utstilling og anna formidling.

### Biblioteket

- 1645 bøker,
- 710 tidsskrift
- 775 småskrift

Tilveksten har i 2015 vore på 409 nye bøker, tidsskrift og småskrift.  
Pr. 31.12.15 har NBF 23 DVD `ar. Det var ingen tilvekst i 2015.

### **Digitalisering og sikring**

Alle registreringane våre vert innførte i registreringsprogrammet Primus, som er drifta av KulturIT. NBF ser fortløpande på dei ulike bruksfunksjonane i Primus, og har dialog med KulturIT for å gjera Primus meir brukarvenleg og effektivt.

For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få lagt inn biletet til alle registreringane. Det har sidan 2005 vore prioritert arbeidd med å digitalisere alle gamle filmnegativar og lysbilete, samt å leggje desse inn i Primusdatabasen. NBF sine negativar er no ferdige, og arbeidet med lysbileta er godt i gang. Tilveksten på skanna lysbilete i 2015 er 5 106. Det gjenstår 9 554 lysbilete som ikkje er skanna. Det er òg naudsynt å få skanna negativar og lysbilete etter Valdres Bunadnemnd. Her har me fått kopi av registreringane, men manglar biletet i den digitale databasen vår.

I 2010 vart alle dei 63298 registreringane våre konvertert frå Cardbox til Primus. Det er mykje etterarbeid etter denne konverteringa. Ein god del er gjort, men det er òg mykje som står att. Som eit ledd i denne oppryddinga har me starta ein systematisk gjennomgang av det gamle kortarkivet. Slik får me oppdatert Primus med foto, skisser, nemningar og anna informasjon som ikkje vart med i konverteringa, og dobbeltregistreringar vert slått saman. I tillegg vert nomenklaturen langt meir utfyllande med nye omgrep og dialektord.

Det er også behov for ein del oppryddingsarbeid i fotoarkivet frå perioden 2005-2007 som ein fylge av overgang mellom ulike datasystem. For å gjere arkivet meir oversiktleg og brukarvenleg, jobbar me med å fjerne ein del av desse systema. Dette arbeidet inneber mellom anna omnummerering av fleire årsseriar, og mykje leiting for å finne og rydde opp i dei ulike systema.

### Sikringsplan

Hausten 2015 vart det sett i gang arbeid med å innføre nøkkelkort på Valdres folkemuseum og Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Nøkkelkorta vert tatt i bruk på nyåret 2016.

Mønsterarkivet og kjeldearkivet ved NBF er uerstattelege, og difor ein viktig del av sikringsplanen. Me er no i oppstartsfasen med å digitalisere desse. Digitalisering vil sikre materialet, samt kunne gjere det meir søkjebart og brukarvenleg. Kjeldearkivet har ikkje vore lagra på ein tilfredsstillende måte, og arbeidet med å syte for ei sikrare oppbevaring av dette er i gang.

### **Digitalt museum**

I 2015 vart det publisert 2170 registreringar på Digitalt museum. NBF som nasjonal faginstitusjon skal vera eit førebilete i draktfaglege spørsmål, og les slik korrektur på alle registreringar før publisering. Dette tek tid, og gjer at publisering vert eit noko langvarig prosjekt. Det meste av årgangane frå 2008 – 2014 og mykje av 2015 er no publisert, totalt 7144 registreringar. Dette talet ser lågt ut i forhold til talet frå 2014, men det kjem av at me vedtok å ikkje publisere plagg i museumseige og at mange registreringar difor vart fjerna frå Digitalt Museum.

## FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING

NBF har som mål at rådgjevings- og formidlingsarbeidet ved instituttet skal vera basert på grundige faglege undersøkingar og gjerast med utgangspunkt i NBF sine samlingar. Det var eit mål for 2015 at dei tilsette i større grad fann tid og rom til fagleg fordjuping innan utvalde fagområder. Tid og rom for denne typen fagleg arbeid er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og slik danne grunnlag for nye utstillingar, foredrag og vitskaplege artiklar.

I løpet av 2015 vart det sett i gong fleire nye forskingsprosjekt, både eigne sjølvstendige prosjekt, og større prosjekt i samarbeid med eksterne aktørar. Drakt og samfunn og Nordisk draktseminar krav både praktiske og faglege førebuingar, og prega arbeidsåret i stor grad.

I langtidsplanen for 2015-2018 er det eit uttalt mål å fokusere på faglege prosjekt som evner å sette det folkedrakt- og bunadfaglege arbeidet ved NBF i perspektiv. Det kan til dømes bety arbeid med nasjonale minoritetar sin draktskikk eller å sjå sjølve folkedraktfenomenet i ein global samanheng.

### Rekonstruksjon

Ein viktig del av arbeidet ved NBF er knytt til rekonstruksjon av eldre draktmateriale. Dette arbeidet blir utført i samarbeid med personar i det området drakta er ifrå, og gjer lokalmiljøet eit naudsynt eigarskap til arbeidet. Ofte fører ein rekonstruksjon fram til utvikling av ein ny bunad som blir sett i produksjon lokalt, og den skapar på denne måten arbeidsplassar i nærmiljøet.



Ein rekonstruksjon inneber ei systematisk kartlegging av draktskikken i eit visst område ut frå innsamla data. Deretter blir det utført ei nøyaktig kopiering av draktplagg som høyrer saman frå same stad og same tidsperiode. I tillegg blir andre kjelder som fotografi, måleri, litteratur, munnleg tradisjon og mote -og stilhistorie studert. Desse kan seia noko om når/ kva høve plagga vart brukt og korleis dei vart brukt. Det er òg viktig å finne ut av handelsvegar, næringsvegar og samhandel/ kontakt med andre bygdelag, og samanheng med kleedeskikkane i områda rundt. Arbeidet med oppsyting av ein prototype av ei komplett ferdig drakt med ulike variantar blir utført lokalt. NBF tilbyr opplæring, råd og til slutt ei vurdering av den tekniske utføringa av arbeidet sett ut frå kjeldematerialet som er lagt til grunn. Heile rekonstruksjonsprosessen går gjerne over fleire år før både rapport og vurdering av oppsydd prototyp er ferdig.

### Østfold, mannsbunad frå fyrste del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Gilland-Design i regi av Østfold Bygdekvinnelag som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Det er i 2015 ikkje levert inn plagg til vurdering.

### Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2008. Det er Østfold husflidslag ved Kari Filberg som har utført det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Rekonstruksjonsprosjektet vart avslutta med utdeling av diplom og uttale i 2015. Dette vart markert på eit fagseminar i Moss der NBF var til stades og held eit foredrag om rekonstruksjonsprosjektet i Østfold.

### Sunnmøre, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet

Sjølvé drakta er ferdig rekonstruert og fekk uttale i 1990. Det blir likevel arbeida med mindre plagg for å syne mangfaldet i drakttradisjonen. Det er i 2015 ikkje levert inn plagg til vurdering.

### Fusa, kvinnebunad frå siste del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2011. Det er Hålandsdalen Folkedraktsaum som utfører det praktiske arbeidet ved rekonstruksjonen. Else Bodil Gjøn var på besøk ved instituttet i august for å sjå nærmare på registreringar som tilhører draktperioda som blir rekonstruert. Det er i 2015 ikkje levert inn plagg til vurdering, men det har vore møte ved NBF saman med Else Bodil Gjøn der fleire framlagte tekstilar vart drøfta.



Figur 6: Fusa-bunad frå tidleg 1800-tal og Valdresbunad frå andre halvdel av 1800-talet. Foto: Laila Durán

### Sør-Valdres, kvinnebunad første del av 1800-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 2010. Det er Asta Karin Kampen som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjon. Asta Karin Kampen har i 2015 sydd opp ein del plagg i forhold til rekonstruksjonen, men desse vart ikkje levert inn til vurdering i 2015. Instituttet har i 2015 påbyrja ein rapport som omhandlar drakt og utvikling i Valdres, utvalet av tekstilar og vurdering av nye. Det er forventa at rekonstruksjonsarbeidet blir avslutta i 2016.



### Stor-Elvdal/ Rendalen, rekonstruksjon av kvinnebunad

På arbeidsplanen for 2015 stod mogleg påbyrjing av rekonstruksjon av kvinnebunad frå Stor-Elvdal/Rendalen etter ynskje frå bunadnemnda i området. NBF gikk våren 2015 gjennom alle registreringane frå området og konkluderte med at det førebels ikkje er mogleg å begynne ein rekonstruksjonsprosess av ei heil drakt, til det er bevara materiale for mangelfult. Nemnda har på bakgrunn av dette begynt å kopiere enkeltplagg som luver som kan nyttast til bunadane som allereie er i bruk i området.

### Gudbrandsdalen, mannsbunad frå siste del av 1700-talet

Revisjon av tidlegare rekonstruksjonsarbeid med fråsegn frå 1983. Det vart i 2015 innhenta skiftemateriale frå Opplandsarkivet på Maihaugen. Skiftematerialet vart utført av Ester Olstad på oppdrag frå Ragnhild Bleken Rusten for hennar arbeid med boka «Folkedrakt og bymote i Gudbrandsdalen»

### Rekonstruksjon, ullkvalitetar

I 2014 tok Gudbrandsdalens Uldvarefabrikk (GU) kontakt med NBF i forhald til rekonstruksjon av ulike ullkvalitetar som er nytta i den eldre draktskikken. NBF utarbeida ein rapport med vevanalyser av dei ulike kvalitetane som dei hadde ynskje om å arbeide vidare med i 2015. Dette prosjektet vart førebels lagt på vent då GU kjøpte opp Mandal Veveri sin produksjon av bunadstoff hausten 2015. GU ynskjer å kome attende til dette prosjektet når dei får tid og økonomisk rom til det.



Figur 7 og 8: Rekonstruerte bunader frå Ryfylke. Foto: Eva Brænd

#### Rogaland, kvinnebunad frå siste del av 1700-talet

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbyrja i 1980, instituttet har vore deltagande i prosjektet frå 1997. Arbeidet vart den gong ikkje levert inn til vurdering då dei mangla godt nok grunnlag for hovudplagg til drakta. I 2015 tok bunadnemnda kontakt med NBF med ynskjer om ei sluttføring av prosjektet. NBF gjorde ei vurdering av ulike hovudplagg i 2015 og ynskjer å utføre eit feltarbeid til før det blir teke ei avgjerd. NBF ser for seg sluttføring av prosjektet i 2016.

#### **Nomenklatur**

Vidareutvikling av NBF sin nomenklatur for bunad- folkedrakt- og moteplagg skjer kontinuerleg i det daglege arbeidet ved NBF. Norsk kulturråd har gitt signal om at det er ynskjeleg at denne nomenklaturen etter kvart skal publiseraast på [www.kulturnav.no](http://www.kulturnav.no). Nomenklaturen tek utgangspunkt i NBF sitt innsamla materiale gjennom feltarbeid, i kombinasjon med kjeldestudiar av drakthistorisk litteratur. Målet er å utarbeide hovudomgrep og presiserte omgrep som er like for heile landet, i tillegg til ulike alternative omgrep og dialektnamn.

Denne nomenklaturen er utgangspunktet for at NBF no leiar arbeidet med ein felles drakt- og tekstilnomenklatur i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. I samarbeid med desse aktørane vil tekstilnomenklaturen vår no delast inn i 4 delar, drakttekstilar, husets tekstilar, draktmetall og reiskap. Sjå eige avsnitt om dette.

## Forsking

I 2015 arrangerte instituttet Nordisk draktseminar; Symbol i form og bruk, og tilsette ved NBF produserte ei ny utstilling til seminaret. I tillegg var NBF ansvarleg for eit innleiande foredrag med utgangspunkt i seminarets tema og eit kortare innlegg om barnereiving under seminaret.

I løpet av 2015 arrangerte instituttet også tre samlingar på Drakt og samfunn, og mykje tid går med til å førebu desse samlingane. Instituttet stod for fleire forskingsbaserte foredrag, i tillegg til at ein lukkast med å invitere nokre av dei fremste draktforskarane i Norden som foredragshaldarar. Slik vart studiet også ein viktig møteplass for både fagfolk og studentar.

I tillegg til desse gjennomførte arrangementa, vart det i 2015 også påbyrja eit par nye forskingsprosjekt, det gjelder «Manifest», i samarbeid med Valdresmusea, og eit nytt, fleirkulturelt prosjekt. Fagkompetansen ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt spenner vidt, og ein har difor muligkeit til også å studere fenomen som ligg noko utanfor sjølve bunad- og folkedraktramma. Gjennom ei satsing på forsking i fleirkulturelle draktfenomen, vil ein få høve til å sjå den norske tradisjonelle draktskikken i eit større perspektiv og oppnå ny, kan hende overraskande, kunnskap.

### Boksamarbeid med Museum Nord

Instituttet vart i 2015 invitert av Museum Nord til å bidra i eit bokprosjekt om væreigar- og handelsfamiliar i Nordland. I hovudsak vil det dreie seg om å tolke eldre tekstnemningar samt noko plagganalyse. Det vil også bli aktuelt å organisere feltarbeid i dei aktuelle områda. Arbeidet tok til i 2015 og ein legg opp til nye møte og fordeling av arbeidsoppgåver i 2016. Boka kjem ut i 2017.

### Foredrag om handelsvegar i Noreg

Instituttet begynte i 2015 med undersøkingar om handelsvegar og import i Noreg, samt skrive eit foredrag om emnet. Temaet er spesielt viktig for instituttet å fordjupe seg i, ikkje berre for å auke kunnskapen om feltet ved instituttet, men og som sentrale tema i samband med undervising og seminar. Arbeidet skal sluttførast i 2016.

### Foredrag og artikkel om reiving av barn

Fagkonsulent ved NBF har undersøkt reiving av spebarn i forhold til eldre skisser og skriftlege kjelder. Dette resultatet vart framlagt både i boka «Frå Versailles til Valdres» av Magny Karlberg, og som foredrag under Nordisk draktseminar, der arbeidet blir utgjeve i rapportform.

### Stoffnemningar

Kristin Gulbrandsen har gjort eit kjeldestudium av nemningar på stoffkvalitetar ein finn i gamle skifter frå Valdres. Arbeidet vart publisert som eit eige kapitel i boka «Frå Versailles til Valdes, ei drakthistorisk reise» av Magny Karlberg, publisert i 2015. Dette arbeidet kjem mange til gode, og er eit viktig nybrottsarbeid.




Figur 9: Kronelad frå Øvre Valdres.

#### Frå Versailles til Valdres, ei drakthistorisk reise, av Magny Karlberg

Tidlegare direktør ved NBF, eller Bunad – og folkedraktrådet som det då vart kalla, Magny Karlberg, ga i 2015 ut ei praktbok om draktskikken i Valdres. Tilsette ved NBF bidrog både med tekst og skisseteikningar i dette arbeidet. Mykje arbeid vart lagt ned i å studere eldre kjeldemateriale for å lage ei liste over stoffnemningar knytt saman med eldre nemningar i boka. Desse stoffnemningane er no ei svært nyttig kjelde i NBF sitt vidare arbeid

#### Symbol i form og tekstil, foredrag

Innleiingsforedraget under Nordisk draktseminar vart halde av NBF, og tok føre seg ei historisk reise frå det gamle Persia, via Det Bysantiske riket i Tyrkia, vidare til folkevandringstid og vikingtid i Nord-Europa. Frå år 0 og vidare såg ein på produksjon og bruk av eksklusive stoff og deira spesielle mønster og motiv, som ein til slutt fann igjen i den norske middelalderen.



Figur 10: Bysantinsk silke fra 900 talet.



Figur 11: Bysantinsk drakt i silke fra 800-talet.

### Manifest – nasjonalisme og folkekultur

Instituttet vart i 2015 med i Valdresmusea sitt prosjekt Manifest, som er ei fortsetting av eit tidlegare prosjekt om folkemusikk og nasjonalisme. I prosjektet skal ein undersøkje kvifor ein i Sverige og Noreg har så ulike syn på ein folkemusikk- og bunadpraksis. Prosjektet skal resultere i ei utstilling ved Valdres Folkemuseum i 2018.

### Folkedraktpraksis blant nasjonale minoritetar

NBF byrja i 2015 så vidt førebuingar til eit forskings- og formidlingsprosjekt med eit fleirkulturelt fokus. Målet er å undersøkje draktpraksar og -fenomen i utvalde minoritets-grupper i Noreg, og arbeide fram ei utstilling om tematikken i 2018. Hausten 2015 var instituttet mellom anna i kontakt med Fleirkulturelt Museum i Oslo og Fyrstekonservator Thomas Walle ved Norsk folkemuseum, som moglege samarbeidspartar.

## **FORMIDLING, UNDREVISING OG RÅDGJEVING**

NBF arbeider med dokumentasjon, forsking og formidling på det folkedrakt- og bunadfaglege feltet, og har som mål å drive både praktisk og teoretisk formidling på vidaregåande og universitetsnivå.

Formidling av tekstilhandverket har ein særskilt prioritet: Tradisjonshandverk har som kjenneteikn manuelt arbeid, personlig innsikt, og handlingsboren kunnskap. Vi ser i dag ei forskyving frå kunnskap i, til kunnskap om, som gjer at det tradisjonelle handverket og tradisjonelle material er i ferd med å forsvinne frå vår kulturarv.

### **Rådgjeving**

NBF har daglege henvendingar om bunadspørsmål. Mange av spørsmåla omhandlar påkledning, vask og behandling av bunaddelar, kvar ulike draktdelar kjem i frå og kven som produserer dei ulike bunadane rundt om i landet. Bunadsprodusentar/brukarar, studentar/forskarar, veveri o.s.b. tingar gjerne faglege rettleiingsbesøk. Etter at NBF har begynt å publisere på [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no) kjem det også ein del spørsmål knytt til registreringane våre.

Den største delen av rådgjevingsarbeidet skjer i forbindelse med rekonstruksjonsprosjekta der NBF er involvert. Dette rådgjevingsarbeidet dekker eit svært bredt spekter av faglege områder, det kan vere stoffkvalitetar, broderigarn, mønstertilpassing og gradering, medan andre treng praktisk rettleiing i samband med ulike handverksteknikkar.

Vi ser vidare ei auke i henvendingar frå andre grupper i samfunnet, det kan vere museumstilsette, folk i media, fagbok-forfattarar, eller til dømes kostymemakarar frå scene og film som treng ymse råd. I 2015 har NBF fått spørsmål frå mellom andre filmprodusentar i USA, vikingeskips-entusiastar på Vestlandet og kostymemakarar frå Den Norske Opera og Ballett.

### **Drakt og samfunn**

NBF fekk i 2014 gjennom ny samarbeidsavtale med NTNU og Studieforbundet Kultur og Tradisjon fått i gang att universitetsstudiet Drakt og samfunn etter to års pause. Denne avtala sikra studiet god finansiering og vidare drift. Hausten 2014 og vinteren 2015 vart det utarbeida nye studieplanar for faget sine samlingar. Målet med omorganiseringa har vore å gjøre det enklare for folk i arbeid å fylge samlingane. Det faglege innhaldet vart også endra, der målsetjinga var å gå meir i djupna på sentrale felt, og på same tid kople den teoretiske undervisinga med ein viss grad av praktiske øvingar.

Samling 1 vart arrangert hausten 2014, og to heilt nye samlingar, «Tilverking» og «Drakthistorie» vart arrangert våren 2015. Samling 2 ,«Tilverking», fann stad på Valdres folkemuseum og i NBF sine lokale, med i hovudsak praktiske øvingar. I tillegg brukte ein analysar av eldre plagg for å vise korleis tilverkinga vart gjort i praksis. I tillegg var fleire sentrale tekstilforskjarar i Noreg invitert for å halde foredrag om sitt arbeid. NBF opplevde dette som ei vellukka samling, med godt nøgde studentar. Samling 3, «Drakthistorie», fann stad på Norsk folkemuseum, etter ei ny avtale med dei. I tillegg til innleidte foredragshaldarar frå alle dei tre nordiske landa, fekk studentane eit unikt møte med Kunstindustrimuseet og Den Norske Opera og Ballett, med omvising og gruppeoppgåver.

Ei særleg utfordring som oppsto i 2015 var at NTNU ikkje lenger er i stand til å organisere studietilbodet Drakt og samfunn, etter ein omfattande tilsynsprosess av NOKUT. Universitet og høgskular i landet skal no stå for minimum 50% av undervisinga sjølv, på fag i samarbeid med eksterne aktørar. Det vil bli ei stor utfordring for NBF å finne éin høgskule eller eitt universitet som har ein så stor drakt- og tekstilstfagleg kompetanse. Truleg vil faget måtte finne ei anna form og storleik. Det er eit mål for 2016 at ein finn ei løysing for vidareføring av faget.



Figur 12: Prøving av korsett D6S



Figur 13: Plagganalyse D6S 2015

### Bunadoplæringa

Bunadoplæringa består av seks modular som blir gjennomført over tre år. Innhaldet i modulane er bygd opp kring læreplanen i bunadtilverkarfaget Vg3/ opplæring i bedrift. Kursrekka kan inngå som eit grunnlag for å gå opp som privatist i faget og vera ein del av eit løp til sveinebrev.

Bunadoplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. NBF tilbyr kompetanse og tenester for bunadsopplæringa ved behov. NBF deltok på kurslærersamling i mars på Norsk folkemuseum.

### Utstilling

NBF har tilgang til store utstillingsrom på Valdres folkemuseum, og har som mål at ein skal ha fagleg gode og relevante utstillingar til ein kvar tid. I 2015 har basisutstillinga om bunad og folkedrakt fått stå, saman med ei Hallingdalsutstilling frå 2014. I tillegg har NBF utarbeida utstillinga «Symbol i form og bruk», i samband med Nordisk draktseminar. Utstillinga er eit samarbeid med Valdres folkemuseum, og inneheld både folkedraktplagg, hustekstilar og bruksgjenstandar. NBF har også utarbeida utstillingskatalogar til utstillingane, på norsk og engelsk.

Utstillinga om skinn som vart sett opp i 2014 vart teke ned i desember 2015.

## **Media**

Særleg vekene før 17. mai opplever NBF ein stor pågang frå media, samt i samband med feltarbeid i lokal presse.

- 11. mai: Telefonintervju med CR av Adressavisen om «Hvorfor bør man ha bunad?»
- 11. mai: Intervju med KG med Norsk ukeblad angåande bunadshistoria
- 12. mai: Intervju med CR av P4 i studio: Om «bunadsregler».
- 14. mai?:Intervju med CR av Bergens Tidene: Populære bunader i Hordaland.  
<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Hvilken-bunad-liker-du-best-3361362.html>
- 14. mai: Intervju med SR av P4:  
<http://www.p4.no/story.aspx?id=613168>
- 15. mai: Intervju med SR av VG: Om «Populær bunad» og «bunad i utlandet».  
<http://www.vg.no/forbruker/hvilken-bunad-er-norges-vakreste/a/23452948/>
- 15. mai: Intervju med SR av radio NRK Telemark: «Bunad og Hijab».
- 15. mai: Intervju med SR av Aftenposten  
<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Bunadsboom-blant-menn-8022401.html>
- 16. mai: Intervju med SR av VG: Om resultatet på bunadsavstemminga  
<http://www.vg.no/forbruker/73-000-har-stemt-dette-er-norges-vakreste-bunad/a/23453707/>
- 11.august: Intervju med BE av NRK P1 i samband med Nordisk draktseminar
- September: Valdresmagasinet, reportasje i samband med utgjevinga av bok «Frå Versailles til Valdres» og Nordisk draktseminar
- September: Nationen, reportasje i samband med utgjevinga av bok «Frå Versailles til Valdres»
- September: Avisa Valdres, reportasje i samband med utgjevinga av bok «Frå Versailles til Valdres»
- September: Oppland arbeidarblad, reportasje i samband med utgjevinga av bok «Frå Versailles til Valdres»
- September: omtale ang. Draktutstillinga ved NBF, i Ungdom, tidsskriftet for Noregs ungdomslag [https://issuu.com/noregsungdomslag/docs/ungdom\\_nr3\\_web](https://issuu.com/noregsungdomslag/docs/ungdom_nr3_web)
- 30. oktober: Dag og Tid, bokomtale av boka frå «Versailles til Valdres», av Åsa Elstad
- Desember: Omtale av boka «Frå Versailles til Valdres» i magasinet Bunad, nr 2, 2015.

## Nettsider og sosiale media

NBF har gjennom året jamt oppdatert nettsidene sine og slik formidla feltarbeid, arrangement og andre relevante saker for alle interesserte. Det har vore jamn trafikk på sidene. På Facebook er særleg oppdateringar frå feltarbeid svært populært.

## **Omvisingar**

Ulike interesserter som t.d. institusjonar, lag og foreiningar ynskjer frå tid til anna omvising og orientering i NBF sitt arbeid, samt bunadsutstillinga. NBF har hatt 12 slike besøk i utstillingane i 2015.

Gjennom sommaren tek omvisarane ved museet dei aller fleste omvisingane i NBF si bunadutstilling. I tillegg kjem alle andre turistar, totalt om lag 40 000 besøkande gjennom året. Camilla Rossing og Kristin Gulbrandsen deltok i 2015 med opplæring av nye guidar i bunadsutstillinga på museet sitt «Omvisarseminar».

## **Deltaking og møte**

### Januar

- NBF deltek på planleggingsmøte for Fagdagane 2015, i Oslo
- Besøk frå Geilo med registrering av plagg.

### Februar

- NBF deltek på Bjørn Sverre Hol Haugen sin doktorgrads disputas ved Universitetet i Oslo.
- NBF arrangerer samling 2 i Drakt og samfunn, med tema «Tilverking».
- NBF i møte med Thomas Walle og Kari Anne Pedersen om førebuingar til Drakt og samfunn samling i mars.
- NBF i møte med Janne Arnesen ved Kunsthindstrimuseet i Oslo om førebuingar til Drakt og samfunn samling i mars.
- Fagdag på NBF med besøk av Mikkel Tinn, frå Høgskulen i Telemark.
- NBF deltek på møte i Norsk handverksinstitutt om etablering av et så kalla K2-senter.
- NBF held foredrag om resultatet av feltarbeid gjennomført i perioda 2011-2014 i Hemsedal.

### Mars:

- NBF arrangerer samling 3 i Drakt og samfunn, med tema «Drakthistorie».
- NBF i møte med Åsa Elstad i Lofoten om bokprosjektet til Museum Nord.
- NBF i møte med Torill Fossnes om kjøp av utstillinga «Gull i veggane».
- NBF deltek på årsmøte i Norsk folkedraktforum som observatør og SR held foredrag om rekonstruksjon.
- NBF deltek på kurslærarsamling i Bunadopplæringa, på Norsk folkemuseum.
- NBF deltek på møte med samarbeidspartar om Fagdagane 2015.
- Moss industrimuseum, foredrag om rekonstruksjon av kvinneklede i Østfold.

### April

- NBF i møte om Fagdagane i Oslo
- NBF deltek i gravferda til Aagot Noss.
- Helga Reidun Bergebakken Nesset på besøk ved NBF om rekonstruksjon Hedmark.

### Mai

- NBF deltek på seminar på Nynorskens Hus i Oslo, med tema bærekraft i bunadproduksjonen.

### Juni

- NBF arrangerer samling i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, på Norsk folkemuseum.
- NBF får besøk av Carrie Hertz, kurator frå The International Folk Art Museum, New Mexico, USA.
- NBF i møte med Anne Margrethe Fiskvik ved NTNU om Drakt og samfunn og NOKUT.
- Valdres folkemuseum, Foredrag om draktskikken i Valdres, i samband med opplæring av guidar og andre til sumarsesongen 2015.

- Bagn Bygdesamling, Foredrag om draktskikken i Sør-Valdres i samband med open dag på museet.

Juli:

- Besøk av masterstudent fra Høgskulen i Telemark, Dina Harkmark Lie, som studerer skomakaryket og handsauma sko.

August:

- NBF arrangerer Nordisk draktseminar med 60 deltagarar, foredrag og innlegg.
- Foredrag om draktskikken i Valdres på Liastølen, Beitostølen

September:

- NBF arrangerer Fagdagene, med foredrag, workshops og stoffmesse.
- Valdres Folkemuseum, foredrag i samband med lanseringa av boka «Frå Versailles til Valdres»

Oktober:

- NBF arrangerer samling 4 i Drakt og samfunn, med tema «Folkedrakt og folkeleg mote».
- Oktober: NBF deltok på samling 2 i UNESCO Norge sitt instruktørkurs i implementering av UNESCO sin konvensjon av 2003 om immateriell kulturarv.
- Øystre Slidre folkebibliotek, foredrag i samband med lanseringa av boka «Frå Versailles til Valdres».

November:

- Foredrag om ulike bunader i Noreg i Sandefjord Husflidslag
- Møte med bunadnemnda på Sunnmøre angåande stoffkvalitetar.
- Foredrag under temadag «Bunaden inn i framtida» i Ålesund.



Figur 14: På felterbeid på Håkenstad Gard i Vågå, hausten 2015.

## **FORNYING OG NETTVERKSBYGGING**

### Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

NBF gjennom Valdresmusea er nettverksansvarleg for Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. NBF skal som nettverksansvarleg bidra til å skape dialog mellom museumstilsette på det drakt- og tekstilfaglege feltet og legge til rette for gode møteplassar og kompetansehevande tiltak.

I


2015 inviterte NBF til nettverkssamling hjå Norsk folkemuseum, der ein la planer for det vidare arbeidet. Ein var einige om at det var behov for arbeid med ein felles drakt- og tekstilnomenklatur for museumstilsette som arbeider med registrering i Primus. Ein vedtok difor å nedsette ei arbeidsgruppe som skal styre dette arbeidet framover, samt skaffe seg oversikt over tidlegare abreid med nomenklatur i nettverket. Gruppa skal ha første møte i januar 2016, på Sverresborg museum i Trondheim. NBF fekk i 2013 midlar frå Kulturrådet til nettverksarbeidet, som vi framleis kan nytte til slik møteverksemd.

### Bunad og næring

Studieforbundet Kultur og Tradisjon har gjennom eit samarbeid med NBF, Næringshagen i Vågå, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Heimen husflid fått støtte til prosjektet «Tekstilhandverket» for å kartleggje kva faktorar som er avgjerande for at bunadtilverking som tradisjonelt handverksfag skal bestå, og korleis ei trygging av denne næringa kan vera eit viktig tiltak i arbeidet med vern av handverk som immateriell kulturarv. I 2015 vart det produsert ein rapport på bakgrunn av ei spørjeundersøking blant bunadbrukarar og -tilverkarar. Rapporten var lagt fram under Fagdagane på Fagernes. Arbeidet fortset i 2016.

### Fagdagane 2015 - Bunadsproduksjon

Tema for Fagdagane 2015 var: «Kan bunadsproduksjon nokon gong bli bærekraftig?» Kunnskap om det tekstile handverket er i ferd med å døy ut. Når vi manglar grunnleggande kunnskap om saum og material er vi ikkje lenger i stand til å vurdere kvaliteten i godt utført handverk, og vi gir dermed fritt spelrom til lite seriøse aktørar i marknaden. Fagdagane 2015 såg på framtida for bunadnæringa og spørsmål kring kunnskap, kulturarv og næring. Korleis kan vi bevare kunnskap og kulturarv og samtidig drive bunadsproduksjon som næring? På seminaret var det foredrag, innlegg og debatt i tillegg til utstillingar, stoffmesse og demonstrasjon av handverk i tillegg til framlegging av rapport, sjå avsnitt over. Fagfolk frå både Noreg og Sverige heldt foredrag. Stoffprodusentar var inviterte til å halde "minimesse", og handverkarar demonstrerte ulike teknikkar i dei gamle husa på Valdres folkemuseum. Det var dessutan ein debatt som drøfta bunadtilverkarane sine utfordringar, der også NBF deltok. Om lag 130 deltakarar frå heile landet deltok og attendemeldingane var svært gode, noko som syner at ein slik nasjonal møtestad er viktig for feltet. Fagdagane er eit samarbeidstiltak mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk folkedraktforkum, Studieforbundet Kultur og Tradisjon og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.



Figur 15: Trekking av stoff til fellestakk, av Sjølingstad Uldvarefabrikk, på Fagdagane 2015

#### Immateriell kulturarv

I oktober 2015 deltok NBF på det andre kurset for instruktørar i å implementere UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv i Noreg. Dette kurset var det andre av totalt tre kurs, det tredje og siste kurset blir arrangert i oktober 2016. Ved å delta på dette kurset får NBF kompetanse til å halde foredrag og undervising i konvensjonen spesielt og immateriell kulturarv generelt. På same tid knyter NBF her kontakt med representantar frå UNESCO sentralt, i tillegg til andre relevante aktørar frå kulturarvsfeltet i Noreg.

NBF bør i tida framover arbeide meir målretta med dokumentasjon og bevaring av immateriell kulturarv på drakt – og tekstilfeltet i Noreg, og desse kursa er såleis eit svært godt grunnlag.

#### **Nordisk draktseminar 2015**

Norsk institutt for bunad og folkedrakt arrangerte Nordisk draktseminar i 2015. «Folkedrakt i fortid og samtid –seremoni, form og bruk» var valt som tema for seminaret som fann stad på Valdres Folkemuseum 9. – 14. august.

60 deltakarar frå dei fem nordiske landa fann vegen til Fagernes via Bergen. Frå Bergen vart deltakarane frakta med båt inn Sognefjorden og Flåm. Om bord fekk dei høyre konservator Camilla Rossing ved NBF halde eit innleiande foredrag om «Symbol i form og tekstil». Deretter fortalte bunadforskar Bjørg Hovland om folkedraktene i Sogn, medan vi reiste gjennom det same landskapet. Frå Flåm reiste vi med buss til Borgund stavkyrkje, der vi åt lunsj og fekk omvising i kyrkja. Deretter gjekk turen vidare til Fagernes. Under heile bussturen fekk deltakarane ei ypparleg guiding av tidlegare konservator ved Valdres folkemuseum, Jan Børe Jansen.

På Fagernes følgde fire spanande dagar på Valdres folkemuseum med foredrag og mindre innlegg frå deltakarane. På torsdag ettermiddag var bunadskledd deltagarar invitert til messe og dåp i Reinli stavkyrkje anno 1810, før det var festmiddag tilbake på museet.

Seminaret vart særsvellukka, og NBF fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Alle foredrag under seminaret vert publisert i ein rapport som blir utgjeven i 2016.



Figur 16: På veg frå Bergen til Flåm gjennom Sognefjorden, Nordisk draktseminar, august 2015.



Figur 17: Demonstrasjon av påkleding av hovudplagg frå Finland, under Nordisk draktseminar, august 2015.

## BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET

Bunad og folkedraktrådet er eit statleg oppnemd råd og er ein rådgjevande instans for Norsk institutt for bunad og folkedrakt. NBF fungerer som sekretariat for Rådet.

<b>Atle Ove Martinussen</b> , Direktør, Museumssenteret i Hordaland	-rådsleiar
<b>Mona Løkting</b> , Bunadstilverkar, Lillehammer	-medlem
<b>Petra-Mari Linaker</b> , Husflidskonsulent, Troms	-medlem
<b>Ingar Ranheim</b> , Konservator, Valdresmusea	-medlem
<b>Ayesha Khan</b> , Sosialantropolog, Oslo	-medlem
<b>Ida Tolgensbakk</b> , Doktorgradsstipendiat kulturhistorie, UiO	-varamedlem
<b>Halvor Nordal</b> , Fagkonsulent/ Kurator, Vest- Telemark museum	-varamedlem

Av desse er Ingar Ranheim, Ayesha Khan og Ida Tolgensbakk oppnemt til 2018. Dei andre er oppnemt til 2016.

### Møtedatoar 2015

- Møte 1: 12. februar, Oslo
- Møte 2: 08. mai, telefonmøte - Skype
- Møte 3: 07. oktober, Oslo
- Møte 4: 03. desember, Oslo

Bunad –og folkedraktrådet er ein viktig drøftingspartner for NBF i strategi og vegval. Rådet har i 2015 handsama tiltaksplan, budsjett og rekneskap og årsrapport. Vidare har dei vore med i drøftingar rundt personalsituasjonen/ ny instituttleiar, høgskulestudiet «Drakt og samfunn» og andre prinsipielle saker.

Det har vore nær og god kontakt mellom Rådet ved rådsleiar og Valdresmusea ved direktør og styreleiar. Denne samhandlinga er svært viktig for god måloppnåing. Rådet har kommentert NBF sin årsrapport og budsjetsøknad til Kulturdepartementet, og legg her vekt på at det trengs ei auke i bevilgninga for å få utnytta si rolle som verdiskapar, kompetansesenter og arkiv.

